



Thea Soltveit Taranger er klar og ynskjer alle velkomne til Sommarkafe i Uskedalen.

**I dag, onsdag 3. juli, opnar Sommarkafeen på Elins Matgleder. Thea Soltveit Taranger er kafevert og vil ha kafeen open fire dagar i veka, onsdag til sundag, kl. 11 til kl. 17. Måndag og tysdag er det stengd. Thea fyller snart 17 år, er ferdig med fyrste året på Kvinnherad Vidaregåande skulen. Det er tredje sommaren ho har jobb på Elins Matgleder.**

Elins Matgleder har totalt 18 tilsette i sommarsesongen. 12 av desse er ungdomar under 20 år. Thea Soltviet Taranger synte tidleg interesse for mat og servering. Elin Enes har berre godt å sei om Thea og hennar evne til å ta ansvar og sjå kva som må gjerast.

Sommarkafeen på Elins Matgleder vil vera open tre veker framover frå i dag. I tillegg til kafeen vil Thea ha ansvaret for gåve- og interiørbutikken i siloane. På kafeen vert det sal av kaffi, brus, nysteikte bollar, kaker og pizza. Noke dagar vert det også påsmurd brød.

Sommarkafeen i Uskedalen er eit flott tilbod for fastbuande, for tilreisande gjester og turistar. Kafeen vert skilta frå Fylkesvegen. Dessutan heng det plakatar i båthamnene og elles sentralt i bygda.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Elin Enes